

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 30.09.03 **Tid:** 14.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Berit Hernes

Øyvind Røen kom til møtet under handsaming av

I staden møtte:

Sak 48/03

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar, Miljø- og landbrukssjef og administrasjonssjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 30. september 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Annlaug Røen Haugen etterspurde om status for tingingane med grunneigarane på vegen til Fitjavatnet.

Ordføraren orienterte om at denne saka ikkje har vore mogleg å prioritera hittil.

Olaug Karin Øystese spurde om det var noko avklaring i byggjesaka på Tysseland

Administrasjonssjefen svarte at me har fått saksmappene i retur frå departementet, men at det ikkje ligg føre noko avgjerd.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Utsend liste med delegerte vedtak vart gjennomgått.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0047/03	03/00319 SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM - NAUST
0048/03	02/00427 REGULERINGSPLAN HYTTEFELT SVENSDAL GNR 34/2.
0049/03	02/00440 REGULERINGSPLAN, HELGATONA GNR. 24 BNR. 17.
0050/03	03/00410 VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING BUSTADFELTET PÅ LØNNEBAKKEN
0051/03	00/00105 KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2000 - 2010 UTLEGGING AV AREALPLANEN

0047/03

**SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM
- NAUST**

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til plan- og bygningslova § 63 gitt løyve til å dela i frå ei nausttuft på 100 m² frå gnr/bnr 27/102 i Samnanger kommune. Det vert gitt dispensasjon frå kravet om reguleringsplan.

Det vert i høve til § 12 i jordlova gitt løyve til å dela i frå ei nausttuft på 100 m² frå gnr/bnr 27/102 i Samnanger kommune.

Eventuell ytlegerare utnytting av gnr/bnr 27/102 til naustbygging må takast opp ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert i høve til plan- og bygningslova § 63 gitt løyve til å dela i frå ei nausttuft på 100 m² frå gnr/bnr 27/102 i Samnanger kommune. Det vert gitt dispensasjon frå kravet om reguleringsplan.

Det vert i høve til § 12 i jordlova gitt løyve til å dela i frå ei nausttuft på 100 m² frå gnr/bnr 27/102 i Samnanger kommune.

Eventuell ytlegerare utnytting av gnr/bnr 27/102 til naustbygging må takast opp ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.

0048/03

REGULERINGSPLAN HYTTEFELT SVENSDAL GNR 34/2.

Handsaming i møte:

Utvalet hadde ikkje noko å merkja til den framlagde planen. Det vart fatta samrøystes vedtak om å tilrå for kommunestyret og godkjenna planen med føresegner.

Vedtak:

Reguleringsplan for hyttefelt Svendal gnr. 34 bnr. 2 dagsett 28.03.03 med føresegner vert vedteke slik han ligg føre.

0049/03

REGULERINGSPLAN, HELGATONA GNR. 24 BNR. 17.

Framlegg til vedtak::

Naturutvalet gjer gjeldande:

Når klagar syner til at tomt 10 ligg i uregulert område, reknar me med at han siktar til at denne delen av reguleringsplanen for Helgatona ligg på eit areal som kommunen har kjøpt utan at det inngjekk i reguleringsplanen for Lønnebakken. Grunnkjøpet på Lønnebakken vart gjennomført med friviljuge avtalar, og difor vart det kjøpt ut areal som gjekk utanfor planområdet til Lønnebakkenplanen. Dette er likevel irrelevant for planprosessen for Helgatona. Når størsteparten av arealet innanfor eit planområdet tilhøyrer den private framleggstillaren og resten er i kommunal eige, skulle vurderingane i høve til oreigningsverknaden av planen vera kurante. Administrasjonen meiner at planprosessen har gått etter reglane i kap VII i plan og bygningslova. Planen har vore grundig vurdert i kommunale organ, og alle partar og offentlege instansar har vore høyrte. Det vert difor avvist at det heftar feil ved planprosessen.

Soltilhøva for tomt 1 i Lønnebakkenplanen vert etter vårt syn ikkje vesentleg forringa.

Når det gjeld avstand til riksveg har saka vore lagt fram for vegstyresmakta som ikkje har hatt merknader til planen, og heller ikkje har kome med motsegn til planen etter kunngjering og direkte varsling. Klagar sitt syn får då liten vekt.

Klagen vert ikkje imøtekommen, og vert vidaresendt fylkesmannen for handsaming.

Handsaming i møte:

Olaug Karin Øystese fremma slikt framlegg: Tomt nr. 10 i reguleringsplanen blir trekt ut av reguleringsplanen for Helgatona, og vert dermed sett på som ein ikkje eksisterande tomt. Ein røysta for framlegget frå Øystese og 5 for framlegget frå administrasjonssjefen.

Vedtak:

Naturutvalet gjer gjeldande:

Når klagar syner til at tomt 10 ligg i uregulert område, reknar me med at han siktar til at denne delen av reguleringsplanen for Helgatona ligg på eit areal som kommunen har kjøpt utan at det inngjekk i reguleringsplanen for Lønnebakken. Grunnkjøpet på Lønnebakken vart gjennomført med friviljuge avtalar, og difor vart det kjøpt ut areal som gjekk utanfor planområdet til Lønnebakkenplanen. Dette er likevel irrelevant for planprosessen for Helgatona. Når størsteparten av arealet innanfor eit planområdet tilhøyrer den private framleggstillaren og resten er i kommunal eige, skulle vurderingane i høve til oreigningsverknaden av planen vera kurante. Administrasjonen meiner at planprosessen har gått etter reglane i kap VII i plan og bygningslova. Planen har vore grundig vurdert i kommunale organ, og alle partar og offentlege instansar har vore høyrte. Det vert difor avvist at det heftar feil ved planprosessen.

Soltilhøva for tomt 1 i Lønnebakkenplanen vert etter vårt syn ikkje vesentleg forringa.

Når det gjeld avstand til riksveg har saka for lagt fram for vegstyresmakta som ikkje har hatt merknader til planen, og heller ikkje har kome med motsegn til planen etter kunngjering og direkte varsling. Klagar sitt syn får då liten vekt.

Klagen vert ikkje imøtekommen, og vert vidaresendt fylkesmannen for handsaming.

0050/03

**VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING
BUSTADFELTET PÅ LØNNEBAKKEN**

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta saka. Det var semje om at det skulle vera eit namn på den gjennomgåande vegen i feltet. Lønnebakksvegen var føreslegen. I kartmateriellet vårt er det relativt få namn i området. Før det vert teke endeleg stilling i saka, vert administrasjonen beden om å undersøke med oppsitjarar i området om eldre namn på plassar innan reguleringsplanen.

Utvalet valde å utsetja saka.

Vedtak:

Endeleg handsaming av saka vert utsett.

0051/03

**KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2000 - 2010
UTLEGGING AV AREALPLANEN**

Handsaming i møte:

Leiar i utvalet har saman med administrasjonen vore i møte med representantar frå fylkeskommunen og statleg regionalt nivå i eit nyleg etablert planforum. Utkast til arealplan for Samnanger vart då drøfta. Statens Vegvesen hadde ein del merknader til nokre av dei ”spredde bustadfelt” i høve til avkjøring. Dei ønskte at dette vert drøfta i eit særleg møte med kommunen. Hovudmerknaden elles gjekk på bruk av sjøareal særleg i høve til oppdrett. Det vart bestemt at det skulle haldast eit særskild møte om dette der føremålet må vera å få klarlagt kva som kan aksepterast frå regionalt nivå.

I utvalsmøtet vart det orientert om dei siste innspela frå grunneigarar. Ein del av desse var lagt inn på kartet, andre var det ikkje teke omsyn til. Utvalet drøfta utkast til arealplan slik han no ligg føre. Det var ikkje merknader til utkastet. Utvalet finn det riktig å høyra merknadane frå

dei instansane som har rett til å gje motsegn mot planen før utvalet tek endeleg stilling til planen. Administrasjonen vert beden om å kalla saman dei aktuelle partane til eit møtet så tidleg at inneverande naturutval har høve til å fatta vedtak om utlegging av planen. Utvalet valde å utsetja saka til eit neste møte som i utgangspunktet må verta innan 22.10.03. Føresegner til planen vil og verta gjennomgått i møtet. Administrasjonen må vurderer å leggja inn byggeforbod 25 m. frå strandsoma i byggjeområda, og vidare å leggje til grunn ein definisjon av naust som hindrar at desse vert teke i bruk til fritidsbustad.

Vedtak:

Saka vert utsett.